

ÅRET SOM HAR GÅTT – 2020

2020 er blitt anleisåret som har sett stoppar for mykje av aktiviteten rundt oss. I mars vart samfunnet stengt ned og usikkerheita kring når me kan leve normalt att er der enno. Sjølv om samfunnet stoppa opp er me likevel heldige her i området vårt. Det har vore lite smitte og me har naturen rundt oss me kan vere i.



I februar gjennomførte me årsmøtet. Me har hatt 8 undergrupper i idrettslaget, det har vore ulik aktivitet i gruppene og det har krev mange frivillege. Årsmøtet vedtok at me skulle ha 5 grupper: fotball, ski, klatring, turorientering og trimgruppe(trim/friidrett). Det er ikkje med dette meint at me skal ha mindre aktivitet, men trimgruppa blir ei samlegruppe for ulike trimaktivitetar. Her finn ein blant anna barneidrett, ungdomsidrett, torsdagstrim, volleyball og innebandy. Nokre aktivitetar må me ha i eiga gruppe for å kunne vere forsikra og høyre til eit særforbund.

Basaren var den siste store fellesaktiviteten i år. Eit flott overskot fekk me, noko me er veldig takksame for. Tusen takk til alle som gav gevinstar, kjøpte lodd og årar, og til alle dykk som hjalp til i forkant og under arrangementet.

Me fekk nokre veker med skiløyper i Turtagrø i vinter. I samråd med kommunelegen vart det ikkje køyrt løype i Turtagrøområdet i påska. Dette fordi løypa ville i påska samle mange på same stad.

I vår kom me i gang med litt utetrening for nokre grupper der det ikkje var kontaktsport. Friskisgruppa arrangerte KK-mila sommarløp med løp på turvegen mellom Fortun og Skjolden og sosial samling på Skjolden hotell i juni. Veldig kjekt at 21 deltakarar deltok og at det var så mange som heia deltakarane fram langs løypa.

Hausthalvåret har bydd på litt meir aktivitet. Miniputt har fått vore på fotballturneringar og barneidretten har fått hatt programmet sitt.

Fotballkampane for dei vaksne kom dessverre ikkje i gang. Desse har me sakna,

dei skapte liv og røre på Skjolden stadion. Me gler oss stort til neste sesong og håpar på ein normalsesong då.

20 stk deltok på årets Sognefjellsmarsjen som var den siste. På sjølv løpsdagen var det 10, dei andre hadde gått i forkant. IL Fanaråk vil takke alle dykk som har delteke trufast opp gjennom åra. Mange av dykk hadde gått denne marsjen i over 30 år, noko det står respekt av.

6.september arrangerte me LØP FOR MEG i Hestahagen. Det vart ein kjekk ettermiddag der 17 ungar gjennomførte 99 rundar og 14 vaksne 43, i tillegg var det leik og moro. I år samarbeidde me med Hydro om ein sløyfe-challenge, dei betalte 25 kr pr runde som vart sprunge/gått i Hestahagen og runda opp summen til 4000 kr til Barnekreftforeningen.

9.september inviterte IL Bjørn og friidrettskretsen til friidrettsturne i det nye anlegget i Gaupne. 8 stk deltok frå Fanaråk og ein hadde ein kjekk ettermiddag i Gaupne. IL Fanaråk har litt utstyr til friidrett og etter planen vert det bygd lengdegrop i Hestahagen til våren. Då håpar me på kjekke stunder med kast, hopp og løp!

Me har mange flotte ungdommar i bygdene våre. Som liten klubb kan me ikkje gje dei tilbod i ulike idrettar som handball og fotball. Då er det kjekt å sjå at både jenter og gutar spelar handball og fotball på Bjørn og bidreg på ein positiv måte. Lorentz og Alex fekk denne hausten vere med i finalen i KM-sluttspillet på Bjørn G13-14.

Me har flotte anlegg rundt oss. Jakob, Hans Arvid og Anders har hadde dugnad på skiløypa i Hestehagen i mai. I juni bygde Arild og Vegard ballvegg til fotball og basket på aktivitetslassen i Moane. Dette var eit samarbeidsprosjekt med Skjolden bygdelag.

Sandvolleyballbana er rehabilitert og det er hatt på 4 tonn sand. På fotballbana har fotballgjengen bygd ein døballvegg. Det er og mange som har vore med på å merke og rydde vegar til trimpostar. Tusen takk til alle som bidreg til å vedlikehalde anlegga våre og gjere dei meir funksjonelle.



I år har me lyst å trekke fram 3 personar som gjer og har gjort mykje for idrettslaget og bygdene våre opp gjennom åra – desse vil få ein oppmerksomheit levert av oss.

Hans Arvid har mange timar på fotballbana og passar på at den alltid er flott å spele på. Han har vore i styret i mange år, framleis hjelper han oss når me treng hjelp. Hans Arvid ordnar opp og er med på mykje dugnadsarbeid.

Leiaren for fotballgruppa er Arild. Han er han trenar for miniputt, spelar og organiserar i vaksenfotball. Han stiller alltid opp på dugnadsarbeid og i vår var han med å bygge ballveggen i Moane.

Stein Birger er ein stor ressurs for sommarskiseretret, med sin kunnskap om maskiner og elektronikk. Han har og gjort og gjer ein flott jobb med vegen til Gjerseggi og posten der. Vidare oppover har Stein Birger rydda ein gammal veg, slått og rydda over Gjersegigarden og gjort området til eit flott turområde.

Me håpar på eit 2021 der me kan treffast meir og ha meir aktivitet. 2020 avsluttar me med ein anleis Nissemarsj og eit lite julelotteri. Her kan ein og få sitje saman med Anne Marie og få logge seg inn på det elektroniske medlemssystemet så alt blir rett i systemet og medlemsavgifta kjem til rett epost.

Tusen takk til alle medlemmar, sponsorar og andre støttespelarar av idrettslaget. Med dykkar støtte kan me få til aktivitet i bygdene våre!

Me ynskjer dykk ei god jul og eit godt nyttår!!

Helsing IL Fanaråk

Anders, Larisa, Jakob, Anne Marie, Vegard og
Mona

